

---

**Fra:** Sveinung Kvamme  
**Sendt:** torsdag 7. desember 2017 11.12  
**Til:** 'postmottak@kmd.dep.no'  
**Emne:** Ressursbruk i offentlig sektor

Hei!  
Denne eposten er tiltenkt Jan Tore Sanner.

Effektivisering og modernisering i offentlig sektor er eit stadig gjentakande mantra frå KMD.

Men alt er ikkje like effektivt og rasjonelt.

Eg har hatt ein liten gjennomgang av informasjonen som ligg i Einingsregisteret om alle organisasjonsledd og bedrifter i Radøy kommune. Eg har funne to underbedrifter der det er skrivefeil i dei offisielle namna. I eit tilfelle har Radøy kommune blitt til Ranøy kommune. I eit anna har Hannesvegen blitt til Hamnesvegen, og avlasting har blitt til avlastning.

Og kor enkelt er dette å retta?

Dette, som er reine skrivefeil gjort av tilsette i statleg forvaltning, krev utfylling og elektronisk godkjenning av samordna registermelding for kvar at desse to underbedriftene. Då skal eg, rådmannen i kommunen, Statistisk sentralbyrå, Einingsregisteret og Altinn gjera arbeid for å retta slike reine skrivefeil.

Effektiv ressursbruk i offentlig forvaltning??

Med venleg helsing

**Sveinung Kvamme**

Økonomisjef Radøy kommune

Tlf 5634 9040 Mobil 909 57 578

